

Fra: Svein Leidulf Heggheim (Svein.Leidulf.Heggheim@hfk.no)

Sendt: 13.12.2015 18:22:45

Til: 'hibeth@lysglimt.net'

Kopi: Rune Haugsdal; Gunbjørg S Hanssen; Birthe Andersen Haugen; Odd Bjarne Berdal

Emne: SV: Skulestruktur vidaregåande opplæring

Vedlegg:

Til Hilde Elisabeth Økland

Viser til meldinga di 2.12.2015.

Det er rett at fleirtalet i fylkestinget har varsla ein gjennomgang av inntakssystemet som blir brukt i Hordaland fylkeskommune. Spørsmålet var oppe på sist møte i fylkestinget 9. desember. Mellom verbalpunktene i budsjettetsaka står det dette om inntakssystemet:

Eit betre inntakssystem i Hordaland

Fylkestinget bed rådmannen gjennomgå gjeldande inntaktssystem og vurdera alternativ til det reine karakterstyrte inntaket vi har i dag. Saka skal syna korleis gjeldande inntakssystem påverkar fråfall og motivasjon, reise- og sokemønster, samansettinga av elevar ved dei enkelte skulane og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir berekraftig skulestruktur i Hordaland.

Fylkestinget ønskjer å skapa eit større mangfold i elevmassen ved dei enkelte skulane. I tillegg skal ein sikra alle elevane ein skuleplass innan ønska studieretning, i nærleiken av heimstaden.

Fylkestinget bed også fylkesrådmannen vurdera korleis ein kan bruka inntakssystemet til å motverka store variasjonar i status for skulane.

Det er ei målsetting at enda fleire enn i dag får oppfylt sitt førsteval av skule.

Saka skal handsamast hausten 2016, og evt nytt inntakssystem skal gjelda frå skoleåret 2017/2018. Prinsippet om nærskule skal også utgreiaast.

Som det går fram av vedtaket, er det i første omgang bestilt ei utgreiing som skal behandlast hausten 2016. Dersom det blir gjort vedtak om endringar, skal desse først setjast i verk frå skoleåret 2017-2018. Kva som skal leggjast til grunn for prinsippet om nærskule, er noko som må vurderast nøye, og eg kan ikkje pr i dag seie noko om kva resultatet av denne prosessen vil bli.

Venleg helsing

Svein Heggheim

Fylkesdirektør opplæring

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Hilde Elisabeth Økland [<mailto:hibeth@lysglimt.net>]

Sendt: 2. desember 2015 21:51

Til: Rune Haugsdal

Emne: Skulestruktur vidaregåande opplæring

Hei

Eg har nokre spørsmål angåande den nye skulestrukturen som no ligg på rådmannen sitt kontor.
Håpar på snarleg svar.

Med venleg helsing

Hilde Elisabeth Økland